

# Hubro

## Omsyn i arealforvaltinga

### **Hubro kan stoppa ny veg i Gulen**

Livar Aksnes

Publisert: 06.MAR.2016 12:32 Oppdatert: 06.03.2016 12:32



Tore Larsen  
Statsforvaltaren i Vestland

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Selje	Par	Par	Par, 1 unge + 1 ukl. egg				
Vågsøy 1	(berre T. sjekka)		Hann (B.)	Hann (Bl.)		Hann (K.)	Hann (Bl./B.)
Vagsøy 2		Hann					
Eid 1	Hann	Hann	Hann	Hann	Hann	Hann	Hann
Bremanger		Par	Par				
Førde		Par	Hann sett	Par, eggeskar på hylla	Ho	Par m/unge	Par m/unge
Fjaler					Par	Par	Par
Høyanger	Hann	Par (?)	Ho	Ho	Ho	Ho	Ho
Solund 1			Ho		Par	Par m/unge	Par m/unge
Solund 2	Roping høyrst (NCB)		Par	Hann			Par
Solund 3					Par	Par	Par m/unge
Solund 4	Roping høyrst (NCB)	Roping høyrst (NCB)	Par	Par	Par	Par	Par
Solund 5							Par m/unge
Vik						Par	
Gulen 1				Hann	Hann	Hann	
Gulen 2				Par	Par	Par	
Gulen 3	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	
Aurland				Hann	Hann (i oktober)		

Ukjent årsak  
(ny aktivitet i  
steinbrot?)

Vegbygging (tilpassa  
etter motsegn)

Ny 132 kV kraftlinje

Ny 132 kV kraftlinje (tilpassa)

Oppdrettslokalitet (plan trekt  
etter motsegn)

Grått: Lokalitet undersøkt, men utan funn. Kvitt: Ikkje undersøkt

Saker der det (sannsynlegvis) har gått tapt etablerte hekkeområde for hubro:

### **Selje (Stad kommune)**

Nedlagt steinbrot 750 m frå kjent hekkeplass. Framlegg i kommuneplan om å ta steinbrotet i bruk igjen.

SF varsla bruk av motsegn, og framlegget blei trekt frå planen. Steinbrotet blei likevel tatt i bruk til lagring av bilar og maskiner.

### **Bremanger kommune**

Bygging av ny 132 kV kraftlinje gjekk «under radaren» hos SF. Hekkeområdet blei påvist tilfeldig i 2016 gjennom lydopptak, ropande par også i 2017.

Kraftlinja blei bygd i 2017-18, næraste avstand 300 m frå sannsynleg hekkeplass. Etter dette ingen teikn til hubroaktivitet.

SF la om interne rutinar etter denne saka, men uansett var konsesjon gitt før lokaliteten blei oppdaga.

## Saker der det ser ut til å ha gått bra:

### **Gulen kommune:**

Par påvist i 2012, deretter undersøkt kvart år f.o.m. 2015.

Kommunen la fram plan om å bygge veg frå nytt industriområde, som ville passere 250 m aust for hekkeplass.

SF varsla motsegn mot planen, og kommunen justerte vegtraséen som etter kvart kom på min. 935 m avstand.

Mekling førte til at SF godtok denne vegtraséen mot at gamlevegen i vest (i jaktområde) blei stengt for anna enn landbrukstrafikk.

Ny veg bygd 2017, hubroaktivitet påvist både da og i åra etterpå, men truleg ingen ungeproduksjon. Forstyrning etter mediefokus, sjølv om reirplassering blei halde skjult?





## Fjaler kommune:

Kjent som sannsynleg hekkeområde, registrert roping gjennom mange år, men hekkeplass ikkje påvist.

Under planlegging av ny 132 kV linje rundt 2015 gjorde vi NVE merksam på at dette måtte reknast som ein aktiv hekkeplass for hubro, og føreslo å flytte linja. NVE avslo fordi plasseringa av reirhylla ikkje var nøyaktig kjent.

Hekkeplass påvist i 2019, 135 m frå enno ikkje bygd linjetrasé. SF bad på ny NVE om å vurdere å flytte linja, og NVE tok dette opp med grunneigarane. Dei ønskte ikkje flytting, og NVE kunne da ikkje ta saka vidare.


SF kontakta utbyggar, som gjekk med på å halde seg unna hekkeområdet (ei linjestrekning på 2,3 km) i perioden 1.1. til 1.7. Linja blei bygd hausten 2020. Hubroaktivitet begge åra etter dette.



## Solund kommune:

Gammel, kjent hekkeplass, funne av J.F. Willgohs i 1953. Lokalisert på ny i 2016, og hekking påvist dei siste åra. Framlegg om etablering av oppdrettsanlegg i kommunedelpen for sjøområda, 2020.

SF varsla motsegn, og lokaliteten blei fjerna frå planen etter litt fram og tilbake om justert plassering. I dette området er det svært liten menneskeleg aktivitet, og vi argumenterte med behov for ekstra lang minsteavstand.



## Handlingsplanen, del 5.4 «Hensyn i arealforvaltningen», nokre problemområde

### **Tilgang til nøyaktig informasjon om hekkeplassar:**

Planfolk/saksbehandlarar i kommunane er ikkje biologar med kunnskap om trua artar og respons på forstyrring. Alle reknar hubro som noko SF tar seg av. Vi har fått eitt spørsmål om tilgang til data frå kommunane, og denne eine har fått det (Solund kommune, saksbehandlar er også hubroinformant). Viktigaste konflikttema: Kraftlinjer, vegbygging, akvakultur, tilrettelegging friluftsliv.

**«Ved indikasjon på mulige forekomster av hubrohabitat i aktuelle tiltaksområder bør det som minimum gjennomføres lytting, i henhold til naturmangfoldloven §§ 8 og 9 og plan- og bygningslovens krav om redegjørelse for konsekvenser»:**

Lytting, eller lydopptak? Over kor mange sesongar? I Sogn & Fj. er det regelen, ikkje unntaket, at aktive hubrolokalitetar er «nye» lokalitetar funne som følge av søk i område der hubro ikkje var påvist hekkande frå før (berre 2-3 av 18 aktive lokalitetar er gamle lokalitetar). Vanskeleg å avvise mogleg hubrotilhald etter ein runde med lytting.

## Handlingsplanen, del 5.4 «Hensyn i arealforvaltningen», nokre problemområde

### **Minsteavstand til hekkeplassar frå inngrep og tiltak:**

1 km er ein grei minsteavstand. Kan nok likevel vere for lite i enkelte opne kystområde der hubroane ikkje er vande med menneskeleg aktivitet.

### **Omsyn til jaktområde:**

Viktig poeng, men informasjon/kunnskap om lokalisering og utstrekning av jaktområde er i praksis nesten fråverande.

### **Forvaltingshandbok for hubro:**

Eit bra tiltak som vil kunne gjere relevante personar i kommunane meir merksame på kva omsyn som er nødvendige for «følsame» artar som hubro.

I praksis er det likevel berre ein liten handfull saksbehandlarar (om nokon) i fylket som stolar nok på eigen kunnskap til at dei vil handtere slike saker på eiga hand. Dei fleste vil kontakte SF, eller satse på at SF uansett vil ta tak i sakene.